



Moster Amfi AS
Postboks 18
5447 MOSTERHAMN

Dato: 18.12.2014
Vår ref.: 2014/325-45
Saksbehandlar: annaune
Dykkar ref.:

Midlar til regionalt arrangement i regi av Moster Amfi og Kyrkjarahistoriske Senter i samband med Grunnlovsjubileet 2014

Vi viser til søknaden om midlar til regionalt arrangement i regi av Moster Amfi- og Kyrkjarahistoriske Senter AS i samband med Grunnlovsjubileet 2014.

Midlane i fylkeskommunen avsett til arrangement i grunnlovsjubileumsåret var ikkje tenkt vere ein søknadspott for eksterne aktørar. Alle er vist til dei ordinære søknadsinstansane i offentleg og privat forvaltning, og søknaden dykkar kom inn seint i høve dei tildelingane som gjekk til Grunnlovsjubileet.

Hordaland fylkeskommune har likevel valt å bidra til regionale arrangørar i Hardanger, i Region Vest, og no også i Sunnhordland. Fylkeskommunen var kjent med at det var planer om eit regionalt arrangement i Sunnhordland, og ser mot slutten av året at det er rom for ei løyving på kr 20 000 til dette formålet.

Vi beklagar at det ikkje er blitt sendt førebels svar på søknaden dykkar.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift